




# Budsjett 2019

Budsjettkonferanse

# Organisasjonskart

**Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle**
- trygge og utviklande oppvekstvilkår for barn og unge



# Barnehage



# Økonomiske rammer

| Økonomisk ramme | Ramme 2018 | Ramme 2019 |
| --- | --- | --- |
| Barnehage inkl VIS/Flyktning | 23 218 000 | 23 359 000 |
| **SUM** | **23 218 000** | **23 359 000** |

- Lågt fødselstal i 2018 påverkar drifta frå hausten 2019 og det er lagt inn reduksjon i drifta knytt til oppstart av barnehageåret 2019/2020.
- Det er lagt til grunn at 66 % av 1 – 2 åringane og 92 % av 3 – 5 åringane startar i barnehage hausten 2019.
- Det er auke i tal føresette som får innvilga redusert foreldrebetaling grunna låg inntekt. I 2018 medførte dette inntektstap på 12 % av opphaldsbetalinga. Det er berekna same prosentdel for 2019.
- Drifta i barnehagen er utfordrande. Vi har ei auke i tilskot til andre kommunar i både kommunale og private barnehagar. For å tilpasse drifta vil vi halde fram med ein barnehage ope om sommaren og ved opptak til nytt barnehageår fordela barna mellom barnehagane med mål om full utnytting av kapasitet på den enkelte avdeling.


Barnehagetal 2018 - 2019
44
54
62
48
45
2013
2014
2015
2016
2017


Barnehagetal 2019 - 2020
54
62
48
45
25
2014
2015
2016
2017
2018

# Del born 2017



# Bemanningsnorm i barnehage

Det har vore to endringar i lovverket gjeldande bemanning i 2018 som påverkar drifta og kostnadane til barnehage.

- Pedagognorm og er gjeldande frå august 2018
    - 14 plassar pr. pedagog
- Bemanningsnorm skal vere på plass frå august 2019
    - 6 plassar pr. tilsett

Det vert med dette ekstra viktig å fordele born i opptaket slik at ein nyttar pedagogressursen best mogeleg.

KS sine berekningar viser at endringane ikkje er fullfinansiert.



# Mål for 2019, barnehage

- I vår barnehage arbeider vi kontinuerleg og systematisk med å fremme et trygt og inkluderande barnehagemiljø, og med å oppdage, undersøke og forebygge alle formar for krenkelsar. Vi stopper krenkelsar og føl opp med eigna tiltak til barna opplever at dei har eit trygt og inkluderande miljø.
- Barnehagen nyttar digitale verktøy som eit viktig verkemiddel i det pedagogiske arbeidet og for at borna skal få erfaring med varierte metodar for leik, læring og oppleving.
- Gjennom barnesamtalar og foreldreundersøkingar legg barnehagen til rette for barn og føresette sin medverknad i utforminga av tilbodet.



# Inkluderande barnehagemiljø

Kompetanseutvikling for barnehagar om mobbing og andre krenkingar.

Barnehagane deltek frå august 2018 i ei nasjonal satsing for eit inkluderande barnehagemiljø. Dette er ei barnehagebasert kompetanseheving for alle tilsette som vil gå føre seg i 1,5 år i samarbeid med Høgskolen i Innlandet. Satsinga vil vera hovudfokus i kvalitetsutviklinga og kompetansehevinga for alle tilsette i barnehagane i heile 2019. Måla i budsjettåret 2019 speglar denne satsinga.

INKLUDERENDE
MILJØ OG KRENKELSER

- Rammeplanen går lenger enn barnehageloven i sin omtale av krenkelser i barnehagen. Kurset skal bidra til forebygging og håndtering i tråd med rammeplanen.

Målet er å utvikle felles kompetanse i egen barnehage

INKLUDERENDE MILJØ OG KRENKELSER

# Formål:

Nettkurset har som formål å utvikle kompetansen i barnehager, hos barnehageeier og barnehagemyndighet, slik at barnehagen oppfyller sin plikt i tråd med barnehageloven til å

- - ivareta barnas behov for omsorg
- - lære barna å ta vare på seg selv og hverandre
- - bidra til trivsel
- - være et trygt sted for fellesskap og vennskap
- - motarbeide alle former for diskriminering

# Barnekonvensjonen

Kurset skal bidra til at barna, i tråd med barnekonvensjonen, får oppfylt sin rett til

- vern mot diskriminering (artikkel 2)
- beskyttelse og omsorg som er nødvendig for trivsel (artikkel 3)
- å bli hørt (artikkel 12)
- beskyttelse mot alle former for fysisk eller psykisk vold (artikkel 19)

INKLUDERENDE MILJØ OG KRENKELSER

# Rammeplanen

- Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette (fra kapittel 1)
- Personalet skal forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspillsmønstre (kapittel 3)

INKLUDERENDE
MILJØ OG KRENKELSER

# Mål for kompetanseutviklinga

- **Undersøke og analysere**

*I vår barnehage arbeider vi kontinuerlig og systematisk med å undersøke og analysere barnehagemiljøet, og med å avdekke alle krenkelser.*

- **Håndtere krenkelser**

*I vår barnehage stopper vi krenkelser og følger opp med lovlige og egnede tiltak helt til barna opplever at de har et trygt og godt barnehagemiljø.*

- **Fremme miljø og forebygge krenkelser**

*I vår barnehage arbeider vi kontinuerlig og systematisk med å fremme et trygt og inkluderende barnehagemiljø, og med å forebygge krenkelser.*

INKLUDERENDE
MILJØ OG KRENKELSER

# Nettbasert kompetanseutvikling i regi av Høgskulen Innlandet





# Skule

# Økonomiske rammer

| Økonomisk ramme | Ramme 2018 | Ramme 2019 |
|---|---|---|
| Skule (inkl Barnevern, helsestasjon og PPT) | 57 704 000 | 58 055 000 |
| **SUM** | **57 704 000** | **58 055 000** |

- Kostnadsnivået for skule pr. 2017 ligg lågare enn både kommunegruppe 2 og 3, men det ligg høgare enn fylket og landet. Kostnaden inkluderer SFO, skyss og skulelokale. I 2017 utgjorde grunnskule 21 % av netto driftsutgifter til kommunen. Reduksjonen i drifta frå tidlegare år er i stor grad gjennomført ved å redusere tal undervisningstimar.
- Frå hausten 2018 er barnetrinnet på Stanghelle og Dale samla på Stanghelle skule. Auke i kostnad knytt til auka behov for lærarar og skyss er lagt i budsjett 2019. Norm for lærartettleik i skulen er frå hausten 2018 oppnådd og i ramma for 2019 er det lagt inn å møte dei auka krava som er sett til lærartettleik hausten 2019.
- Forventa tilskot frå staten til tidleg innsats og lærartettleik er lagt inn i budsjettet og nytta til lønsmidlar til lærarar.  Lærartettleik 0 – tidleg innsats vel 1 mill kr.
- Økonomiske rammer til elevar i/frå andre kommunar er auka opp til forventa inntekter og utgifter i 2019. Dette påverkar og reduserer rammene til drift av skulane i Vaksdal.
- Kostnadar i barnevernet knytt til tiltak i og utanfor heimen er òg ei utfordring som vil krevje auka innsats og auka økonomiske rammer òg i 2019.



Barnetal
49
48
42
67
47
40
42
42
49
51
60
51
62
42
49
39
44
54
62
48
45
25
1997
1998
1999
2000
2001
2002
2003
2004
2005
2006
2007
2008
2009
2010
2011
2012
2013
2014
2015
2016
2017
2018

# Elevtalsutvikling 1. – 7. årssteg 2018 - 2025















# Ny lærarnorm i skulen

Hausten 2018 skal gruppestorleik vera maks:

16 elever på 1-4. trinn

21 elevar på 5.-7. trinn og 8.-10. trinn

Hausten 2019 skal gruppestorleik vera maks:

15 elever på 1-4. trinn

20 elevar på 5.-7. trinn og 8.-10. trinn

Gruppestorleiken er tal elever per lærar i ordinær undervisning, kor ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk ikkje vert rekna med.



# Lærarnorm

## Dale ungdomsskule

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 8.-10. trinn (21 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 17,1 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 1,7 |

## Vaksdal skule

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 1.-4. trinn (16 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 13,4 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 0,6 |

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 5.-7. trinn (21 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 14,4 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 1,3 |

## Stanghelle skule

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 1.-4. trinn (16 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 14,0 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 0,9 |

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 5.-7. trinn (21 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 17,8 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 0,7 |

## Stamnes skule

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 1.-4. trinn (16 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 7,6 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 0,9 |

| Resultater | |
|---|---|
| Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 5.-7. trinn (21 elever pr lærer) | |
| Gruppestørrelse 2: | 15,6 |
| Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: | 0,4 |

# Mål for 2019 for skulane

- Elevane våre opplever at dei høyrer til i eit positivt, variert og aktivt læringsfelleskap
- Elevane skal møte lærarar som inkluderer digitale verktøy i opplæringa
- Elevane opplever elevmedverknad knytt til dei pedagogiske satsingsområda på den enkelte skule



# Kvalitetsutvikling

- Måla for 2019 gjenspeglar at ein er kome vidare i satsinga med meir spissa mål knytt til dei overordna tema





# Chromebooks til elevane



Chromebook til alle elevane på:

- Ungdomsskulen på Dale
- Stamnes skule
- Eksingedalen skule

- På Stanghelle og Vaksdal er det kjøpt inn til minst eitt klassesett som skal nyttast til alle elevane.
- Det er inngått partnerskap med HVL om desentralisert kompetanseutvikling for lærarane i digitale ferdigheiter på Dale, Stamnes og Eksingedalen som startar

*Budsjettmål 2019:*
Elevane skal møte lærarar som inkluderer digitale verktøy i opplæringa

# Spesialundervisning § 5-1




- Skulane i Vaksdal har arbeida i fleire år for å redusera tal elevar som får spesialundervisning til fordel for betra tilpassa opplæring med godt læringsmiljø. Det har vore gjort eit systematisk arbeid på alle skulane i tett samarbeid og oppfølging av PPT. System for ressursteam og PALS er gode verktøy i arbeidet.
- Fleire elevar i Vaksdal får spesialundervisning enn samanliknbare kommunar, men vi har lågare timetal.
- Med reduksjon i timetalet vil det vera særs viktig å ha god kvalitet tidleg innsats, tilpassa opplæringa og spesialundervisninga framover.

# Sikra at spesialundervisning vert gjeve av kvalifiserte lærarar

- Det er kvalifiserte lærarar som har undervisning.
- Når det gjeld spesialundervisning så spelar desse faktorane inn:
  - lærarane sin formalkompetanse
  - behovet i gruppa som mottek spesialundervisning
- Grupper som mottek spesialundervisning i til dømes grunnleggjande ferdigheiter på lågare nivå enn klassen, så er læraren kvalifisert ved godkjent utdanning, då begynnaropplæring og leseopplæringa er sentral i utdanninga.
- Ved spesialundervisning til born med meir særskilde behov, så er formalkompetanse viktig og blir lagt stor vekt på
- Vi freista å gje kompetanseheving når vi treng det, t.d gjennom kurs og rettleiing frå PPT, Statped, Autismeteam osv.

# Spesialundervisning 2018 - 2019



## RefLex - hjelp til å vurdere egen praksis

RefLex er eit nettbasert verktøy som skal gi barnehagar, barnehagemyndigheita, offentlege skolar og skoleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med barnehagelova/opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 11.01.2017 Last ned som PDF Skriv ut

Verktøyet skal dekkje regelverket på enkelte tema. Det vil bli lagt til fleire tema etter kvart.

**Til RefLex**

Bruk same brukarnamn og passord som i Skoleporten eller BASIL.

- http://reflex.udir.no

- Alle skulane gjennomfører eigenvurdering (RefLex)
- Kvalitetsdialog mellom tilsette og kommunalsjef/einingsleiar på den enkelte skule
- Kompetanseheving for alle tilsette i skulen med Thomas Nordahl 9. november 2018

# Internkontroll, vurderingar og tilsyn





vaksdal
kommune
BYNÆRT BYGDELIV

Innhald

1. Innleiing ...3
2. Føremål ...3
3. Lovar ...4
3.1 OPPLÆRINGSLOVA ...4
3.2 FORVALTNINGSLOV ...4
3.3 KOMMUNEHELSETENESTELOVA ...4
4.0 Definisjonar ...4
5.0 Elevane sitt skulemiljø ...5
§ 9A-1. Verkeområde for kapitlet ...5
§ 9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid ...7
§ 9A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø ...9
§ 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev ...11
§ 9A-7. Det fysiske miljøet ...15
§ 9 A-8. Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet ...17
9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg ...17
§ 9A-10. Ordensreglement ...19
§ 9 A-14. Erstatningsansvar og bevisbyrde ...21
§ 9 A-15.Forskrift om skolemiljøet ...21
6.0 Skulemiljøutval og brukarmedverknad ...21
Opplæringslova § 11-1A ...21
7.0 Ordensreglement for skulane i Vaksdal ...22
8.0 Ansvar og roller ...22
9.0 Vedlegg ...23




- 2016-2017
  - Utarbeida rutinar/internkontroll for minoritetspråkleg § 2- 5
  - Handbok for mottak av minoritetspråklege
  - Stadeleg tilsyn barnehage § 2 Barnehagen sitt innhald
- 2017 – 2018
  - Trygt og godt læringsmiljø § 9A
  - Inkluderande læringsmiljø i barnehage
  - Skriftleg tilsyn barnehage
- 2018 – 2019
  - Spesialundervisning § 5
  - Stadleg tilsyn barnehage

# Mangfald i barnehage og skule

Språk og nasjonalitetar 2018

| Land | Språk |
|---|---|
| Syria | Arabisk, Kurdisk |
| Eritrea | Tigrinja, Arabisk |
| Etiopia | Tigrinja |
| Filippinene | Filippinsk, Engelsk |
| Somalia | Somali, Arabisk |
| Romania | Rumensk |
| Nederland | Nederlandsk |
| USA | Engelsk |
| Estland | Estisk |
| Polen | Polsk |
| Tyskland | Tysk |
| Bulgaria | Bulgarsk |
| Litauen | Litauisk |
| Tyrkia | Tyrkisk |
| Palestina – «statsløse» | Arabisk |
| Kenya | Engelsk, Swahili |

- Det siste året har det vore ei auke i del minoritetsspråklege barn i barnehage og skule.
- Vi har færre minoritetsspråklege barn i barnhage enn samanliknbare kommunar og Hordaland.
- Barnehagane legg i samarbeid med VIS til rette for at barn av busette flyktningar så raskt som mogeleg får barnehageplass.




# Skulefritidsordninga (SFO)

# Skulefritidsordninga

***Regulert i lovheimel i Opplæringslova § 13-7 Skolefritidsordninga***

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal **leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.** Skolefritidsordninga skal ***gi barna omsorg og tilsyn.*** Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om eigarforhold, kven som er opptaksmyndigheit, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen, foreldrebetaling, leike- og opphaldsareal, dagleg opphaldstid og årleg opningstid og bemanning og leiing

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.



# SFO - auka merksemd, men avgrensa plikter

- Nytt i Opplæringslova:
  - § 9A – Trygt og godt læringsmiljø gjeld SFO frå 1. august 2017
  - § 13-5 – «…… *overgang frå barnehage til skole og **skolefritidsordning**.» frå 1. august 2018*

Avgrensa plikter:

- Kommunen skal ha et tilbud om skolefritidsordning, men opplæringsloven gir ikke elevene rett til plass i skolefritidsordning, heller ikke for barn med særskilte behov. Omfanget av kommunens plikter er svært begrenset.
- Kommunen er ikke forpliktet til å opprette et bestemt antall plasser eller å gi tilbud til ved mer enn én av skolene i kommunen.
- Kommunen kan benytte andre til å oppfylle kommunens plikt til å gi tilbud om skolefritidsordning.



# Kommunedelplan Oppvekst mot 2020




*Hovudmål 1:*

- *Vår skulefritidsordning er ein kreativ og utviklande arena med stor variasjon innan leik, kultur og ulike fritidsaktivitetar*

*Hovudmål 2:*

- *Vår skulefritidsordning er prega av tydelege og omsorgsfulle vaksne*

*Hovudmål 3:*

- *I vår skulefritidsordning har vi glade barn i eit godt fysisk og psykisk miljø*

# Kvalitetsutvikling SFO




- I 2017 starta vi eit utviklingsprosjekt for SFO. Utviklingsarbeidet fremjar fokus på innhald og kvalitet i SFO-tilbodet.
- I 2018 vil vi særleg fokusera på at intensjonane er vorte til den gode praksisen som vi ynskjer for borna i SFO. Erfaringar og vurderinga skal delast mellom tilsette i SFO og rektorane og strategi for vegen vidare vert utforma hausten 2018.
- I 2019 skal kvalitetsarbeidet i SFO inkluderast i skulane sine utviklingsplanar, som ei vidareføring av utviklingsprosjektet.

# Born i SFO

| | Innbyggere 6-9 år i kommunal SFO (prosent) | | |
|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2017 |
| EAKUO Landet uten Oslo | 58,5 | 57,8 | 57,0 |
| 1241 Fusa | 32,8 | 28,4 | 30,1 |
| 1242 Samnanger | 45,7 | 37,8 | 34,7 |
| 1243 Os | 61,5 | 61,3 | 59,1 |
| 1244 Austevoll | 43,7 | 36,7 | 31,0 |
| 1251 Vaksdal | 68,0 | 60,9 | 56,4 |
| 1253 Osterøy | 39,6 | 30,7 | 35,0 |

# Fordeling etter årssteg i SFO i Vaksdal

- I Vaksdal som landet ellers er det flest born som går i SFO på 1. årssteg
- Bornetalet går ned med alderen
- SFO på Dale er den med færrast born på 1. årssteg

| | 1. årssteg | 2. årssteg | 3. årssteg | 4. årssteg |
|---|---|---|---|---|
| Vaksdal | 76,6 | 73,9 | 61,5 | 38,4 |
| Osterøy | 67,0 | 56,1 | 38,3 | 12,9 |
| Landet | 80,9 | 75,2 | 59,0 | 31,8 |

| 2018-2019 | 1. årssteg | 2. årssteg | 3. årssteg | 4. årssteg |
|---|---|---|---|---|
| Vaksdal skule | 100,0 | 63,6 | 45,5 | 52,6 |
| Stanghelle skule | 90,9 | 88,9 | 62,5 | 20,0 |
| Stamnes skule | 66,7 | 75,0 | 0,0 | 42,9 |
| Dale barne- og ungdomsskule | 40,0 | 64,3 | 41,7 | 20,0 |

| 2017-2018 | 1. årssteg | 2. årssteg | 3. årssteg | 4. årssteg |
|---|---|---|---|---|
| Vaksdal skule | 75,0 | 66,7 | 73,7 | 11,8 |
| Stanghelle skule | 72,2 | 100,0 | 50,0 | 36,4 |
| Stamnes skule | 75,0 | 0,0 | 33,3 | 55,6 |
| Dale barne- og ungdomsskule | 50,0 | 61,5 | 70,0 | 27,3 |

# Finansiering av SFO

- Lovheimel: Kommunen kan krevja at utgiftene til SFO vert dekka gjennom foreldrebetalinga. Eigenbetalinga er avgrensa til å dekke kommunen sine utgifter.

| Vaksdal kommune | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til SFO (1000 kr) | 3910 | 4001 | 4144 |
| Netto driftsutgifter til SFO (1000 kr) | 1099 | 1159 | 1497 |
| Inntekter frå foreldrebetaling i SFO (1000 kr) | 2811 | 2842 | 2647 |

| Netto driftsutgifter til SFO, per innbygger 6-9 år (kr) | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| **Vaksdal** | **4 951** | **5 391** | **7 338** |
| Osterøy | -283 | 806 | 5 308 |
| Fusa | 3 333 | 3 869 | 3 124 |
| Samnanger | 6 623 | 4 787 | 5 411 |
| Os | 1 015 | 868 | 1 239 |
| Austevoll | 2 778 | 4 187 | 5 018 |
| Landet | 3 615 | 4 029 | 4 578 |

# Oslo kommune AKS

**Dette er gratis**

- Eleven kan være på AKS hver dag etter skoletid
- Inntil 12 timer per uke
- 2 dager per uke i skolens ferier (utenom juli da AKS er stengt)
- På planleggingsdager/inneklemte feriedager i skoleåret kan eleven være på AKS ½ dag

**Hvem får gratis deltakelse etter skoletid?**

- **Førsteklassinger som får gratis deltakelse etter skoletid**
- Alle førsteklassinger på skoler i bydelene Alna, Bjerke, Frogner, Gamle Oslo, Grorud, Grünerløkka, Sagene, St. Hanshaugen, Stovner og Søndre Nordstrand.
- Alle førsteklassinger ved skolene Manglerud, Godlia, Nøklevann og Rustad.
- **Andreklassinger som får gratis deltakelse etter skoletid**
- Alle andreklassinger på skoler i bydelene Alna, Bjerke, Gamle Oslo, Grorud, Grünerløkka, Sagene, Stovner og Søndre Nordstrand.
- **Tredjeklassinger som får gratis deltakelse etter skoletid**
- Alle tredjeklassinger på skoler i bydelene Alna, Grorud, Stovner og Søndre Nordstrand, samt to skoler i Bydel Gamle Oslo (Tøyen skole og Vahl skole)
- Alle tredjeklassinger ved Linderud skole
- Alle tredjeklassinger ved Møllergrata skole
- **Fjerdeklassinger som får gratis deltakelse etter skoletid**
- Alle fjerdeklassinger ved Linderud skole, Mortensrud skole, Møllergata skole, Tøyen skole og Vahl skole

**Målet med ordningen**

- AKS er en alternativ læringsarena som skal styrke barnas faglige og sosiale utvikling gjennom lek og læring. AKS skal gi et helhetlig tilbud i samarbeid med skolen.
- Målet med å innføre et gratis AKS-tilbud for skolestartere i noen bydeler er:
  - Å styrke elevenes språkferdigheter
  - Å øke deltakelsen i AKS
  - Å heve kvaliteten i AKS og sikre et likeverdig tilbud

# Bergen kommune

- Maksimalpris for hel SFO-plass er 2550. Det gis ikke reduksjon på matpenger, som per 1.1.18 utgjør 245 kroner. Så dersom man får innvilget økonomisk moderasjon på SFO-plassen, vil man likevel måtte betale 245 kroner for mat.
- Kommunen gir, etter egen søknad, redusert pris på SFO og barnehage. Ingen husholdninger skal betale mer enn 6 % av inntekten sin for en plass.
  - Husholdninger med samlet skattepliktig person- og kapitalinntekt under 533 500 kroner kan søke om redusert foreldrebetaling i barnehage.
  - For SFO-plass er det husholdninger med samlet inntekt under 467 500 kroner.
- Du må søke om redusert betaling for barnehage i kommunen der barnet er folkeregistret, mens alle kan søke Bergen kommune for moderasjon i SFO. Du søker elektronisk. Unntaket er søskenmoderasjon, som du ikke trenger å søke på. Denne moderasjon regnes ut automatisk.
- Vedtak om redusert betaling er gyldig fra og med den første hele måneden etter at Bergen kommune mottar søknaden din, og det er gyldig ut juli for barnehage og ut juni for SFO.
- All redusert betaling, også søskenmoderasjon, gis etter kommunale satser.

# Bemanning og rekruttering



- Utfordrande å få tilsett i stillingane i dei små og spesialiserte tenestene
- Lærarar har vi hatt tilgang til, men her utfordrar kompetansekrav som er gjeldande frå 2025
- Barnehagelærarar har vi ikkje klart å få nok med kompetanse
- Fagarbeidarar har vi hatt tilgang til
- Utfordrande med rekruttering til lærlingar

# Tverrfaglegteneste for barn og unge

Barnevern, helsestasjonen og PPT har hatt eitt ei samla avdeling som skal jobbe tett saman med barnehage og skule.

Avdelinga skal arbeide systematisk og heilskapleg med tidleg innsats og førebygging for barn og unge.

Barn, unge og deira foreldre skal oppleve «ei dør inn» til tenestene i avdelinga.

Avdelinga har styrka tenesta med kommunepsykolog knytt til helsestasjonen.



# TBU

**Kva gjer det krevjande?**

- Me er få
- Auka behov for tenesta vår i Vaksdal som resten av landet
- Auka lovkrav (knytt til dømes til at ein må ta tilsyn sjølv)
- Me opplever utfordringar knytt til å kople på/ samkjøre hjelpetiltak frå andre etatar. Ansvarsfordelinga mellom og andre etatar er ikkje klåre. Personavhengig

**Kva styrkjer har me?**

- Me har den formelle kompetansen som krevs til dei tenesta me skal gje innbyggjarane
- Me samarbeider godt på tvers



# PPT

Tilsette:

Fagleiar 100 % stilling – hovudansvar for skulane

Spesialpedagog  50 % - hovudansvar for barnehagane

Logoped 20 % (kjøper frå Voss)

Skal arbeide for å auke kvaliteten for alle barn, men prioritere sakkunnig for dei med behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning

Driv ressursteam ved skular og barnehagar i Modalen og Vaksdal (system og individ)

Har ansvar for DUÅ og PALS ved skular og barnehagar i Vaksdal og Modalen. Må vere sertifiserte rettleiarar.

Har ansvar for sakkunnig uttale for alle born som treng spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp, eventuelt hjelpemiddel i Vaksdal og Modalen.

Dette arbeidet krev utgreiing av lærevanskar, språkvanskar, dysleksi og andre utgreiingar som krev særskild kompetanse.

Sårbar teneste, særleg grunna høge krav til formell kompetanse



# Helsestasjonen og skulehelsetenesta

Tilsette:

Fagleiar/helsesyster 100 % stilling

Helsesyster  80 % stilling

Psykolog 100 % stilling

Jordmor 20 % stilling (avtale med Helse Bergen)

Krevjande rekruttering i 2016 – 2017

Helsestasjon og skulehelseteneste har oppfølging av alle gravide/spedbarn/barn/unge i Vaksdal kommune

Helsesyster er faste dagar ute på den enkelte skule

Vaksineprogram for born og unge

Arrangera temadagar for foreldre



# Barnevernet

Tilsette

Barnevernsleiar/sakshandsamar 100 % stilling

Sakshandsamarar 200 % stilling (pr. i dag ein jurist og ein barnevernspedagog)

(Tilskot frå staten til 80 % stilling)

Snitt i 2018 er at kvar av dei tre har omlag 20 barn/familiar dei hjelper

Oppfølging av born i fosterheim og institusjon, hjelpetiltak i heimen, koordinering av hjelpetiltak, tilsyn

Stort arbeidspress. Ei sårbar teneste.

Barnevernet som LOS: Svært avhengig av at barna og familiane får hjelpetiltak dei har rett på frå andre instansar. Arbeider mykje med å lose barn og familiane i hjelpeapparatet og støtte dei i skule og barnehage. Koordinerer ansvarsgruppe for fleire av familiane og freistar å styrkje nettverket kring familien /borna

Tenesta skal alltid vere tilgjengeleg på verkedagar. I realiteten må ein ha vere tilgjengeleg alle dagar (også på kveldstid), då dei grunna dei tette relasjonane til borna/familiane opplever å bli kontakta  ved mange ulike behov, behov som ikkje vert styrt av arbeidstid.

Driv Tverrfagleg konsultasjonsteam  ( Vald og overgrep)
Deltek i Rusførebyggjande team
Deltek i opplæring av skular og barnehagar
Deltek på foreldremøte

Forskningssøknad (tverrfagleg) inne saman med Barn i risiko og oral helse.



# Barnevern (kostra)

| Nøkkeltall | Enhet | Vaksdal | Kostragruppe 03 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|
| | | 2017 + | 2017 + | 2017 + |
| Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggar 0-22 år (kr) | kr | 6 009 | 9 026 | 7 978 |
| Barn med melding ift. innbyggarar 0-17 år (prosent) | prosent | 6,2 | 5,4 | 4,6 |
| Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggarar 0-17 år (prosent) | prosent | 6,4 | 5,8 | 4,9 |
| Barn med barnevernstiltak ift. innbyggarar 0-22 år (prosent) | prosent | 5,1 | 4,8 | 3,9 |
| Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr) | kr | 37 795 | 54 361 | 46 496 |
| Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr) | kr | 43 214 | 45 988 | 37 963 |
| Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr) | kr | 212 733 | 406 671 | 432 387 |
| Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall) | antall | 21,3 | 19,4 | 19,9 |
| Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent) | prosent | 74 | 77 | 86 |



# NAV

Sosialtenesta

# NAV

- Prioriterte målgrupper i NAV er:
  - unge under 30 år
  - flyktningar som står utanfor arbeidslivet.
- NAV, saman med VIS, vil sjå på tiltak som betre kan nyttast i kommunen for å auka moglegheitene for den enkelte til å gå over i utdanning/jobb.
- NAV har kostnadar knytt til aktivitet og oppgåver som utfordrar og i 2019 vil utfordre tenesteområde økonomisk. NAV har auke i utbetalingar til økonomisk sosialhjelp.
- Denne utviklinga ser ein òg nasjonalt. Vi vil ha fokus på å få redusert utbetalingar ved å få personar over i jobb og/eller utdanning.

# Frå kommunebrevet 2018 - NAV

«Antallet deltakere på introduksjonsprogrammet økte sterkt i 2015 – 2017.

Mange av deltakerne vil etter endt program gå videre til utdanning eller arbeid, mens enkelte vil kunne ha behov for bistand fra NAV-kontoret i en overgangsperiode.

Vi har kunnskap om deltakerne i introduksjonsprogrammet vil kunne danne grunnlaget for å tilby de som ikke kommer i arbeid eller utdanning relevant oppfølging fra NAV-kontoret.

Økningen vil komme fra 2018 og fortsette i 2019. Kommunen bør planlegge for en eventuell andel som vil komme til å søke økonomisk stønad i en overgangsperiode, og tilby relevant oppfølging mot arbeid eller utdanning.»

# Sosialhjelp til familiar med born

- Det har dei siste åra vore jamn auke av sosialhjelp til familiar born
- Vaksdal kommune har ei auke i det som vert kategorisert som låginntekstsfamiliar
- Dette har kan ha samanheng med auka mottak av flyktningar
- Vaksdal kommune har så langt ikkje skild seg ut frå andre kommunar viss ein ser til folkehelsedata

- Redusert foreldrebetaling / gratis kjernetid i barnehage er eitt tiltak som hjelper
- Tiltak i skular og barnehagar for å inkludera borna.

Figur 1.4 viser kryssinga mellom økonomisk status og kjensla av einsemd.




*Figur 1.4: Kor stor del har vore ganske eller veldig plaga med kjensla av einsemd, delt inn etter økonomisk status*

# Vaksdal introsenter (VIS)

- Vaksdal introsenter er i 2019 godt i gang sitt 3. driftsår.
- Vaksdal er ikkje vorte bedt om å busetje flyktningar i 2018, men nokon av dei tidlegare busette har fått familiegjenforening.
- Tal busette som har starta kvalifiseringa og delteke på norskopplæring i 2018 er omlag deltakarar i 2018.
- VIS starta hausten opp grunnskuleopplæring for vaksne. Deltakarane skal gjennomføra grunnskulen på to år.
- Grunnskuleopplæringa vil gje deltakarane mogelegheit til seinare å gjennomføra vidaregåande eller verta lærling.
- VIS vil fortsetje drifta også i 2019, men då med hovudfokus på grunnskuleopplæring for vaksne.



# Vaksdal introsenter (VIS) 2019

- Eksamensretta grunnskule for vaksne

  16 deltakarar

- Introduksjonsprogram

  20 deltakarar

I tillegg 5 deltakarar med rett og plikt til norskopplæring.



# Busette flyktningar i familiar

- Vaksdal kommune ynskte familiar når vi skulle busetja flyktningar
  - Lettare å inkludera gjennom barnehage og skule
  - Auka folketal
  - Von om at dei vert buande i kommunen
- Pr. i dag har kommunen vel 100 flyktningar som er knytt til ein familie med barn i kommunen

Tiltak for foreldra for å nå målet om at dei vert inkludert og vil verta buande:

- Foreldre må verta inkludert i arbeidsliv eller utdanning

  2018 - grunnskule for vaksne

  2019 – «i jobb» prosjekt med mål om auka deltaking i arbeidslivet for foreldre – ulike alternativ er utarbeiding

- Tett samarbeid VIS, skule, barnehage, barnevern, helse, NAV.
- Flyktningane får heilskapleg oppfølging – tenestene snakkar med kvarandre. Ingen skarpe skiller/siloar – alle hjelper til på andre områder viss det er ønske om det eller ein ser at det er overlapping.



# Integrering og samarbeid

- Tett samarbeid med skule og barnehage.
- Aktivt samarbeid med andre kommunale tenester og det lokale næringslivet i samband med språkpraksis.
- Samarbeider med NAV om utvida norskopplæring.
- Frivillig sektor bidreg både i høve språkpraksis og inkluderande tiltak i samfunnslivet.

# Livsglede for eldre

- Dale barnehage er blitt livsgledebarnehage og Vaksdal barnehage skal bli det.
- Er i gang med å organisere besøk på sjukeheimen. Målet er i fyrste omgang to besøk i månaden.
- Daglege aktivitetar i lag – måltid, formingsaktivitetar, trim, leik og ein god prat.

